

## 10. Arkiv

### 10.1. Nokre resultat


#### Aukande utlevering av arkivstykke

Arkivverket består av Riksarkivet, åtte statsarkiv og Samisk arkiv. Nesten 41 000 arkivstykke blei leverte ut ved desse arkivinstitusjonane i 2011. Dette er ein auke på 5 450, eller 15 prosent, samanlikna med 2010. På dei siste fem åra har talet på utlevering av arkivstykke hatt ein nedgang på om lag 9 200. Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo leverte ut 58 prosent av arkivstykkene som var registrerte i statistikken for 2011, nesten 24 000 arkivstykke.

#### Nedgang i lesesalbesøka ved dei statlege arkiva

I 2011 blei det totalt registrert 17 200 lesesalbesøk, ein nedgang på om lag 4 700, 21 prosent. Det er berre Statsarkivet i Stavanger som har hatt ein liten auke i besøket. Sjå tabell 10.1 og figur 10.1.

Figur 10.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke på lesesalane. 1998-2011



Kjelde: Riksarkivet.


#### Utlån til arkivinstitusjonar og andre institusjonar går ned

Statistikken frå Arkivverket, sjå tabell 10.2, syner at utlånsaktiviteten til andre arkivinstitusjonar og til ulike andre institusjonar har vore over 500 arkivstykke per år dei fem siste åra. I 2011 blei det totalt lånt ut 585 arkivstykke, ein svak nedgang frå 2010. Riksarkivet har det siste året hatt ein auke i utlåna på nær 30 prosent.

#### 52 000 fleire hyllemeter

Tabell 10.3 viser arkivbestanden i Riksarkivet og statsarkiva. Totalt har desse institusjonane 237 100 hyllemeter papirbasert bestand. Sidan 2008 har bestanden auka med 52 000 hyllemeter. Nær halvparten av den papirbaserte bestanden finn ein i Riksarkivet, sjå figur 10.2. I tillegg syner tabell 10.3 bestanden av teikningar, foto, film og video samt lydfestingar. Kart inngår i kategorien teikningar. Tala for 2011 viser at arkivbestanden inneheld drygt 5 millionar foto. Både film/video og lydfestingar syner kor mange einingar det er av dette arkivmaterialet. Arkivstatistikken frå Norsk kulturråd viser lengda i timer og minutt på innspelingane.

**Figur 10.2. Papirbasert bestand i hyllemeter i Riksarkivet og statsarkiva. 2011. Prosent**




Kjelde: Riksarkivet.

**15 millionar fleire søk i Digitalarkivet**

Aktiviteten ved Digitalarkivet aukar stadig og viser at dette er ei populær teneste. Sidan opninga i 1998, sjå kapittel 10.2, har talet på søk/nedlastingar frå databasen auka frå 9 millionar til over 226 millionar i 2011. Nær 49 prosent av dette er nedlasta sider frå skanna kyrkjebøker. Per 31. desember 2011 var det skanna nesten 13 000 kyrkjebøker, flest i Hordaland (medrekna tidlegare Bergen fylke) med 1 480 kyrkjebøker (Digitalarkivet). Nordland ligg som nummer to med drygt 900 kyrkjebøker.

Sidan starten i 2008 har nedlastinga av sider frå skanna tinglysingsdokument òg auka mykje, frå 2 millionar i 2008 til 6 millionar i 2011. Tabell 10.4 syner også tal for nye tenester som er mogleg å søkje på i Digitalarkivet, søk i skanna skifteprotokollar, i skanna rettargangsmateriale og søk i folketeljinga 1910. I 2011 som er første året for søk i folketeljinga 1910, blei det utført over 15 millionar søk. Sjå tabell 10.4, tabell 10.5 og figur 10.3.

**Figur 10.3. Digitalarkivet. Talet på søk/nedlastingar. 1998-2011. Millionar**



<sup>1</sup> Starta våren 2008. <sup>2</sup> Ny frå desember 2010.


Kjelde: Digitalarkivet.

452 000 hyllemeter  
arkivmateriale

Arkivstatistikken frå Norsk kulturråd omfattar arkivinstitusjonar som tek vare på arkiv. Desse er både reine arkivfaglege institusjonar, museum, bibliotek og andre som forvaltar arkiv. Sjå kapittel 10.2 om arkivstatistikk.

Dei 213 arkivinstitusjonane som er med i oversikta for 2011, oppbevarte nær 452 000 hyllemeter med arkivmateriale. 57 prosent, eller 256 000 hyllemeter, er ordna bestand. Over halvparten av det totale arkivmateriale er arkiv frå statlege verksemdar som ligg forvara hos Arkivverket. Fylkesarkiva og byarkiva (kommunale arkivinstitusjonar) forvaltar 24 prosent av det totale arkivmateriale. I 2011 fekk arkivinstitusjonane samla sett avlevert 10 300 hyllemeter arkiv for bevaring, 50 prosent av tilveksten er ordna bestand.

**Figur 10.4. Papirbasert bestand i hyllemeter i arkivinstitusjonar, bibliotek og museum. 2008-2011. Prosent**



<sup>1</sup> Riksarkivet og statsarkiva. <sup>2</sup> Tal på foto er ikkje rapportert i arkivstatistikken. For musea, sjå kapittel 8, tabell 8.1. Kjelde: Norsk kulturråd

Totalt er det registrert 1,2 millionar kart og teikningar og 13 millionar fotografi, ikkje medregna museum og bibliotek. Riksarkivet, statsarkiva og byarkiva (kommunale arkivinstitusjonar) har til saman om lag tre fjerdedelar av alle fotografia. Sjå tabell 10.6.

I 2011 blei det registrert 78 000 besøk i arkiva (ikkje medrekna museum og bibliotek, sjå kapittel 8 og 9). Det er om lag 10 000 færre besøk enn året før. Førespurnader om innsyn og bruk frå publikum auka med drygt 1 000, og totalt var det 77 000 førespurnadar. Arkivverket, kommunale arkiv og andre arkivinstitusjonar hadde samla sett 270 opne arrangement, ein nedgang på 27 frå året før. Det blei utført 700 årsverk i arkivinstitusjonane, ein auke på 12 prosent frå 2010. Sjå tabell 10.7.

## 10.2. Om statistikken – arkivstatistikk

Arkivmateriale

Dei fleste verksemdene i samfunnet produserer og etterlet seg arkivmateriale. Dette gjeld statlege verksemdar, kommunale og fylkeskommunale verksemdar og private verksemdar (bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar). Tradisjonelt arkivmateriale er tekstleg og papirbasert (til dømes protokoll eller mappe med enkelt-dokument), biletmateriale i form av kart, teikningar og fotografi, samling av segl og lydopptak, video og andre former for multimedia. Arkivbestand av desse materialtypene blir målt i hyllemeter. I tillegg kjem elektronisk materiale, som blir målt i byte.

**Arkivstykke** Arkivstykke er eit samleomgrep for bind, eske, kapsel, kassett, perm eller andre einingar som inneheld arkiveringar. Arkivstykke kan bli utleverte anten som papirkopi, skanna materiale eller digitalfotografi. Det kan også utleverast avskrifter av dokument for rettslege behov.

**Arkivbevaringsinstitusjonar** Arkivverket består av Riksarkivet, åtte statsarkiv og Samisk arkiv. Riksarkivaren er leiar både for Riksarkivet og heile Arkivverket (Arkivverket). I Arkivverket finn ein også Digitalarkivet, som er den mest populære nettstaden for elektronisk materiale i bilet-, tekst- og databaseformat. Andre offentlege arkivbevaringsinstitusjonar er fylkesarkiv, interkommunale arkiv og byarkiv. Av private arkivinstitusjonar er Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek og Misjonsarkivet størst (etter arkivbestand). I tillegg har musea og biblioteka store arkivsamlingar.

**Arkivstatistikk** Tala i tabellane 10.1-10.5 er frå Arkivverket, medan tala i tabellane 10.6 og 10.7 er henta frå arkivstatistikken til Norsk kulturråd. Dei to første åra var det ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum som publiserte denne statistikken. Frå og med 2009 omfattar arkivstatistikken alle arkivbevarande institusjonar. Desse institusjonane er både reine arkivfaglege institusjonar, bibliotek og museum og andre som tek vare på arkiv. I 2010 var det 147 arkivbevarande institusjonar i populasjonen, og 142 av desse svarte på undersøkinga. Etter ein gjennomgang av Nasjonalbibliotekets bibliotekstatistikk er 196 bibliotekkeiningar lagt til i arkivpopulasjonen. Desse biblioteka kryssa av for arkivmateriale i bibliotekstatistikken. Talmaterialet for arkivstatistikk 2011 omfattar svar frå 213 arkiveiningar.

*«Alle opplysningar om arkivtilfang gjeld arkivdokument, det vil seie unike dokument i offentlege og private arkiv, jamfør definisjonar i arkivlova. Opplysningane omfattar ikkje publikasjonar som vert pliktavleverte.» (Norsk kulturråd).*

### Referansar

Arkivverket: (<http://www.arkivverket.no>)

Digitalarkivet: (<http://www.arkivverket.no/arkivverket/Digitalarkivet>)

Norsk kulturråd: *Statistikk for arkiv 2011* (<http://www.norskulturrad.no/om-kulturradet/publikasjoner>)

Tabell 10.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke<sup>1</sup> på lesesalen. 2004-2011

	2004		2005		2006		2007		2008		2009		2010		2011	
	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke	Besøk	Arkiv- stykke
<b>I alt</b> .....	<b>27 624</b>	<b>49 489</b>	<b>21 927</b>	<b>45 779</b>	<b>24 984</b>	<b>50 119</b>	<b>26 443</b>	<b>53 369</b>	<b>18 553</b>	<b>54 650</b>	<b>16 993</b>	<b>52 636</b>	<b>21 843</b>	<b>35 514</b>	<b>17 183</b>	<b>40 966</b>
Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo	9 107	22 395	4 451	19 291	9 117	22 462	8 843	27 886	7 424	29 062	6 638	28 363	8 030	17 307	6 169	23 959
Statsarkivet i Hamar	2 510	2 593	2 476	2 643	2 259	2 662	1 923	2 465	1 451	2 098	1 527	1 842	1 973	1 624	1 905	1 800
Statsarkivet i Kongsberg	1 991	3 795	2 141	3 509	1 962	3 618	1 398	3 734	1 509	4 147	1 256	3 359	1 599	2 947	1 184	2 431
Statsarkivet i Kristiansand	1 958	4 283	1 767	3 359	1 671	3 630	1 275	2 651	1 376	3 986	1 275	3 396	1 549	2 241	1 199	2 302
Statsarkivet i Stavanger	2 528	1 342	2 650	2 800	2 567	4 205	2 085	2 417	1 730	2 345	1 680	1 920	2 344	2 065	2 462	1 793
Statsarkivet i Bergen	3 201	4 232	2 599	3 592	2 331	3 537	1 970	2 830	1 707	2 655	1 551	2 074	1 526	1 257	1 322	467
Statsarkivet i Trondheim	4 599	8 627	4 218	8 184	3 631	7 733	7 694	8 864	2 125	7 689	1 850	8 978	2 696	5 390	1 916	4 592
Statsarkivet i Tromsø	1 730	2 222	1 575	2 276	1 411	2 113	1 230	2 385	1 205	2 468	1 188	2 558	1 727	2 611	1 008	3 520
Samisk arkiv	..	..	50	125	35	159	25	137	26	200	28	146	399	72	18	102

<sup>1</sup> Arkivstykke er eit samanfattande omgrep for bind, kapsel, kasett, perm eller andre einingar som inneheld arkiveiningar.

Kjelde: Riksarkivet.

Tabell 10.2. Utlån til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. 2003-2011

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
<b>I alt</b> .....	<b>244</b>	<b>255</b>	<b>270</b>	<b>408</b>	<b>633</b>	<b>750</b>	<b>557</b>	<b>600</b>	<b>585</b>
Riksarkivet	134	137	114	266	367	348	274	311	401
Statsarkivet i Oslo	4	8	6	5	4	-	-	<sup>1</sup> 13	6
Statsarkivet i Hamar	12	11	23	21	17	18	9	3	3
Statsarkivet i Kongsberg	3	8	3	4	7	7	10	4	3
Statsarkivet i Kristiansand	22	22	12	23	26	21	41	61	22
Statsarkivet i Stavanger	35	35	32	30	147	250	89	39	18
Statsarkivet i Bergen	9	9	14	8	12	38	23	45	29
Statsarkivet i Trondheim	11	11	21	16	10	-	14	108	93
Statsarkivet i Tromsø	14	14	45	35	43	68	97	16	10

<sup>1</sup> Tala er samorganiserte med Riksarkivet.

Kjelde: Riksarkivet.

Tabell 10.3. Arkivbestand. Riksarkivet og statsarkiva. 2008-2011

	Papirbasert bestand i hyllemeter	Teikningar	Foto	Film/videoopptak <sup>1</sup>	Lydfestingar <sup>1</sup>
<b>2008</b> .....	<b>185 257</b>	<b>129 820</b>	<b>1 022 109</b>	<b>28 502</b>	<b>10 377</b>
<b>2009</b> .....	<b>214 836</b>	<b>172 212</b>	<b>4 934 472</b>	<b>28 844</b>	<b>13 024</b>
<b>2010</b> .....	<b>223 153</b>	<b>213 215</b>	<b>5 028 597</b>	<b>28 844</b>	<b>8 149</b>
<b>2011</b> .....	<b>237 131</b>	<b>213 935</b>	<b>5 076 195</b>	<b>27 968</b>	<b>11 879</b>
<b>2011</b>					
Riksarkivet	115 010	102 000	808 000	27 918	10 000
Statsarkivet i Oslo	20 286	1 000	100 000	27 102	-
Statsarkivet i Hamar	10 376	1 140	-	-	-
Statsarkivet i Kongsberg	13 726	16 600	85 000	-	1 439
Statsarkivet i Kristiansand	9 419	24 975	-	266	-
Statsarkivet i Stavanger	15 596	5 100	3 437 620	200	-
Statsarkivet i Bergen	15 600	12 000	90 000	250	-
Statsarkivet i Trondheim	26 900	51 100	5 000	-	-
Statsarkivet i Tromsø	10 218	20	550 575	100	440

<sup>1</sup> Talet på filmar/videoopptak og lydfestingar.

Kjelde: Riksarkivet.

Tabell 10.4. Digitalarkivet. Talet på søk/nedlastingar. 1998-2011. Millionar

	Totalt tal på nedlasta sider frå databasar og skanna kjelder	Talet på søk (nedlastingar) frå Digitalarkivet	Søk av skanna kyrkjebøker. Talet på nedlasta sider	Søk av skanna tinglysingsdokument. Talet på nedlasta sider <sup>1</sup>	Søk i skanna skifteprotokollar	Søk i skanna rettargangsmateriale	Søk i folketeljinga 1910 <sup>2</sup>
1998	8,8	8,8	..	..	..	..	..
1999	22,5	22,5	..	..	..	..	..
2000	23,7	23,7	..	..	..	..	..
2001	37,5	37,5	..	..	..	..	..
2002	38,8	38,8	..	..	..	..	..
2003	47,5	47,5	..	..	..	..	..
2004	50,8	50,8	..	..	..	..	..
2005	42,8	42,8	..	..	..	..	..
2006	80,0	45,0	35,0	..	..	..	..
2007	145,1	56,2	88,9	..	..	..	..
2008	179,3	72,9	104,0	2,4	..	..	..
2009	180,5	68,7	102,4	8,9	..	..	..
2010	<sup>3</sup> 179,6	68,9	110,7	..	..	..	..
2011	227,6	91,9	109,5	6,4	3,7	0,8	15,3

<sup>1</sup> Starta våren 2008. <sup>2</sup> Ny frå desember 2010. <sup>3</sup> Retta sidan førre utgåva.  
Kjelde: Digitalarkivet.

Tabell 10.5. Digitalarkivet. Talet på skanna kyrkjebøker, etter fylke. Totalt per 31.12

	Talet på scanna kyrkjebøker			
	2008	2009	2010	2011
<b>Totalt</b>	<b>11 938</b>	<b>12 108</b>	<b>12 526</b>	<b>12 937</b>
Østfold	601	651	656	660
Akershus	568	593	612	623
Oslo	731	775	783	866
Hedmark	636	636	644	660
Oppland	594	594	601	605
Buskerud	700	700	700	701
Vestfold	561	561	561	562
Telemark	620	619	619	620
Aust-Agder	500	500	534	551
Vest-Agder	520	522	561	576
Rogaland	780	784	823	832
Hordaland	855	855	855	859
Bergen	444	491	491	625
Sogn og Fjordane	590	590	590	600
Møre og Romsdal	663	660	741	760
Sør-Trøndelag	709	709	751	801
Nord-Trøndelag	439	439	462	465
Nordland	778	777	887	916
Troms Romsa	403	405	408	408
Finnmark Finnmarku	216	217	217	217
Utlandet	30	30	30	30

Kjelde: Digitalarkivet.

Tabell 10.6. Arkivbestand i arkivinstusjonar, bibliotek og museum. 2008-2011

	Arkiv-institusjonar i alt	Papir-basert bestand i hyllemeter	Tilvekst arkiv	Ordna bestand	Tilvekst ordna bestand	Kart	Teikningar	Foto	Film/video opptak <sup>1</sup>	Lyd-festingar <sup>1</sup>
<b>2008</b>	<b>130</b>	<b>374 179</b>	<b>13 261</b>	..	..	<b>333 283</b>	<b>672 187</b>	<b>8 206 428</b>	<b>18 841</b>	<b>159 500</b>
<b>2009</b>	<b>135</b>	<b>392 620</b>	<b>19 857</b>	..	..	<b>347 500</b>	<b>657 657</b>	<b>8 864 752</b>	<b>64 873</b>	<b>250 150</b>
<b>2010</b>	<b>142</b>	<b>414 221</b>	<b>11 489</b>	..	..	<b>417 024</b>	<b>690 872</b>	<b>13 324 156</b>	<b>177 235</b>	<b>269 050</b>
<b>2011</b>	<b>213</b>	<b>451 875</b>	<b>10 321</b>	<b>255 874</b>	<b>5 167</b>	<b>213 231</b>	<b>934 578</b>	<b>13 285 519</b>	<b>92 618</b>	<b>319 646</b>
<b>2011<sup>5</sup></b>										
Arkivverket <sup>2,4</sup>	9	237 993	-	127 860	-	-	201 935	4 886 326	27 656	2 721
Interkommunale arkivinstusjonar(IKA)	11	41 858	3 644	30 652	1 744	6 260	56 800	537 957	302	1 198
Fylkesarkiv	4	23 914	1 721	10 154	376	11 963	19 545	307 030	2 848	4 571
Byarkiv	7	84 812	2 709	50 444	1 945	108 435	344 195	4 758 403	4 858	1 313
Spesialarkiv	18	16 970	475	12 444	269	622	1 093	2 016 595	14 064	221 088
Fag- og forskningsbibliotek	18	8 321	67	3 713	60	44 213	30 916	-	3 188	7 705
Lokal- og regionalarkiv	19	8 328	186	3 362	260	1 901	4 802	779 208	824	3 488
Bibliotek <sup>3</sup>	52	2 366	728	1 369	23	355	1 242	-	3 148	304
Museum <sup>3</sup>	75	27 313	791	15 876	490	39 482	274 050	-	35 730	77 258

<sup>1</sup> Film, video og lyd blir talde i minutt eller timar. Arkivverket og 6 andre institusjonar har gitt talet i fysisike einingar <sup>2</sup> Riksarkivet og statsarkiva. <sup>3</sup> Tal på foto er ikkje rapportert i arkivstatistikken. For musea sjå kapittel 8, tabell 8.1. <sup>4</sup> Nokre av statsarkiva har registrert teikningane saman med karta. <sup>5</sup> Frå 2011 er arkivpopulasjonen utvida med bibliotek med arkivfunksjonar.  
Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 10.7. Arkivinstitusjonar. Besøk, formidling, årsverk og økonomi. 2009-2011

	Arkiv- institusjonar i alt	Besøk <sup>1</sup>	Besøk på nettsider	Føre- spurnader frå publikum <sup>2</sup>	Opne arrange- ment	Årsverk, totalt <sup>3</sup>	Drifts- inntekter	Drifts- kostnader
							———— 1 000 kroner ————	
2009 .....	47	97 387	32 567 585	104 813	230	606,3	<sup>4</sup> 209 069	464 579
2010 .....	59	87 936	1 378 649	75 871	298	622,8	484 667	516 288
<b>2011<sup>6</sup></b>								
<b>Arkiv i alt .....</b>	<b>68</b>	<b>77 768</b>	<b>1 894 284</b>	<b>77 030</b>	<b>271</b>	<b>700,2</b>	<b>530 152</b>	<b>557 343</b>
Arkivverket <sup>5</sup> .....	9	20 761	-	35 668	68	252,9	283 623	280 402
Interkommunale arkivinstitusjonar(IKA) .....	11	20 700	74 167	2 763	28	90,3	81 303	67 791
Fylkesarkiv .....	4	381	149 947	2 166	11	39,0	31 103	25 038
Byarkiv .....	7	12 037	1 449 249	29 856	13	187,5	90 064	128 645
Spesialarkiv .....	18	6 079	154 561	4 700	61	84,4	40 817	40 541
Lokal- og regionalarkiv .....	19	17 810	66 360	1 877	90	46,3	3 242	14 926

<sup>1</sup> Besøkstala for 2010 og 2011 skil seg frå tala frå Norsk kulturråd sidan SSB har gjort imputeringar av manglande data. <sup>2</sup> Skriftlege førespurnader som gjeld saker om innsyn i og bruk av arkiv. <sup>3</sup> Inkluderer faste og mellombelse stillingar. <sup>4</sup> Arkivverket har ikkje rapportert driftsinntekter. <sup>5</sup> Riksarkivet og statsarkiva. <sup>6</sup> Frå 2011 er arkivpopulasjonen utvida med bibliotek med arkivfunksjonar.  
Kjelde: Norsk kulturråd.